



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2016

59. årgang



Frå tårnagenthelga i Brekke kyrkje 6.-7. februar. Meir s. 4-5. (Foto: AS)

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivndvik [anne.ryssdal.tveit@enivest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@enivest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282  
Kontingenten er fri.

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST i MJØMNA SOKN:**  
Bjørn Magne Hansen, 6924 Hardbakke  
Tlf. 47669620. Mobil 47669620  
[soknepresten@solund.kyrkja.no](mailto:soknepresten@solund.kyrkja.no)

**SOKNEPREST i GULEN SOKN:**  
Jens Linde, 5966 Eivindvik.  
Tlf. 97509035 [jl@gulen.kyrkja.no](mailto:jl@gulen.kyrkja.no)

**SOKNEPREST i BREKKE SOKN:**  
Audun Systad, 6958 Sørbovåg.  
[audun.systad@hyllestad.kyrkja.no](mailto:audun.systad@hyllestad.kyrkja.no)  
Tlf. 97155237

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389  
[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor:Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**  
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093  
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESÅD:**  
**Gulen sokn:** Irene Mongstad. Tlf. 91151993. [irene.mongstad@enivest.net](mailto:irene.mongstad@enivest.net)

**Brekke sokn:** Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatveit@hotmail.com](mailto:cawaatveit@hotmail.com)

**Mjømna sokn:** Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen@enivest.net](mailto:bente.haugen@enivest.net)

**Fellesråd:** Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@enivest.net](mailto:malfrid.undertun@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**  
[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**Redaksjonen** ønsker lesarane ei god påske og ein god vår!  
I dette nummeret av bladet presenterer vi årsmeldingane for dei tre sokna.  
Neste nr. av bladet kjem i juni. Frist for innlevering: 20. mai.



## Jesus i Getsemane – aktuelt for oss i dag?

Då det var samla tårnagentar første helga i februar i Brekke kyrkje, leita me etter skattar. Me såg oss rundt, og altertavla er jo ikkje vanskeleg å få auge på. Den skildrar Jesus sin kamp i Getsemane. Under tavla står det med litt gammalt språk: *Sjå der Guds lamb som ber heimssens synd (Joh. 1,29)* - i den nye omsetjinga no så står det: *Sjå, Guds lam som ber bort synda i verda.*

Me snakka litt om at Guds lam er eitt av dei mange namna på Jesus, saman med *lyset i verda, den gode hyrdingen, Guds Son* og mange andre.

I Getsemane kjempa Jesus ein hard kamp.

Den første søndagen i fastetida dette året handla om det. Han sa til læresveinane: *Mi sjel er sorgtyngd til døden. Ver her og vak med meg!*

Læresveinane sovna, og han sa:

*Så makta de ikkje å vake med meg ein einaste time? Vak og bed at de ikkje må koma i freisting. Ånda er villig, men kjøtet er veikt* (Matt.26.41).

Jesus såg djupt inn i vår veike menneskenatur gjennom denne Getsemanekampen. Han såg kor lett me har for å bøye unna, tenke på oss sjølve først, ja nett å følgje Guds gode vilje med dei me er sett saman med.

For Jesus vart og dette ein kamp, men han let Guds vilje skje. Jesu kamp vart ein kamp for oss. Han stod der mennesket fall. Difor er litt av innhaldet i fastetida at me skal tenke over og ha fokus på Jesus sin kamp for oss, og følgje han på vegen. Kanskje avstå frå noko, for å kunne det? Eit måltid mindre for å mette svoltne magari ein annan stad i verda? Forsake ein film eller noko me gjer for oss sjølve, og heller ta eit besøk til nokon som treng det?

Viktigast av alt: Å sette oss ned og lese Guds ord, og få rettleiing gjennom det!

Kanskje den største freisting kollektivt i vår kultur nett no, er at me ynsk-

jer - eller kulturen legg også opp til - at det skal vere meir fest enn faste.

Som 24-åring besøkte eg for første gong Jerusalem og Getsemanehagen. Når ein går ned frå Oljeberget, passerer ein vakre oliventre og kjem til Church of All Nations; Alle nasjonars kyrkje. Der inne er det eit alter, med eit lite berg inni alterringen. Det var ein stad som rørte ved meg på ein sterk måte! Ja, sterkare enn eg har opplevd nokon annan stad! Takk, Jesus, at du gjekk vegen for meg! Det gjev også meg som sviktar gong på gong, ein ny sjanse: *Sjå der Guds lam som ber bort synda i verda.*

Jesus i Getsemane - aktuelt for oss i dag?

Ja, nett ved det at ved å vandre saman med han, kan det bli slik som me bed om i songen: *Lat din kjærleik få trengja seg inn, slik at han kan forandre mitt sinn. Lat oss alle som trur på ditt ord vere saman i bøn for vår jord.* (Salmeboka nr.717).

Me lever nett no i ganske urolege tider i verda. Det er og mykje frykt, og vonde bilete og sjå i media.


Det trengst både mot og styrke i tida som ligg framfor oss. Å stanse opp for vegen Jesus gjekk for oss alle, trur eg er veldig viktig i alle relasjonar.

Ein konsekvens av frelsa i Jesus er å dagleg overgje sin eigenvilje til Han som har all makt i himmel og på jord, og be om at hans vilje må skje i våre liv. Jesus vil vere vår Frelsar, men ikkje berre det, også vår Herre!

*Audun Systad*

# Tårnagenthelg i Brekke

6.-7. februar var det Tårnagenthelg i Brekke kyrkje – ei fin helg! Tårnagentane på 8 og 9 år leita etter skattar i kyrkja – og fann mange! Dei var rundt i heile kyrkja, òg oppe i tårnet.



Cathrine var ansvarleg for opplegget. Her står ho med éin av skattane: Altarbibelen.

På dei neste bileta ser vi at dåpsfatet blir grundig studert, og at sokneprest Audun Systad forklarar kva nattverdsutstyret blir brukt til.

Så ser vi gjengen samla rundt lysgloben, og at alle har funne sin plass ved altarringen.

Konfirmantane Solveig og Julie var medhjelparar på laurdagen.

På slutten av dagen laurdag var det litt leik. Organist Peter var ivrig med på leiken!

Barna var òg oppe i tårnet og prøvde kyrkjeklokkene – sjølvstekt med øyreklokker!

Det siste fotoet er frå gudstenesta på søndagen.

Ei vellukka tårnagenthelg er over. Ei

fin oppleving for alle!

*Tekst / foto: Audun Systad/Peter Jobbagy*





## Trusopplæring våren 2016:

**24. januar** var det Konfirmantfest i Brekke bedehus.

**6.-7. februar** var det Tårnagentsamling i Brekke kyrkje (artikkelen s.4-5) Det var òg planlagt tårnagentsamling på Mjømna, men den vart avlyst på grunn av manglande påmelding.

**12.-13. mars** vert det Tårnagentsamling for Gulen sokn i kyrkja i Eivindvik. Invitasjonar kjem!

### Minikonfirmantar:

I år blir alle 10- og 11-åringane inviterte til Minikonfirmantsamlingar. Det er tre ettermiddagar (**8. mars, 15. mars og 5. april**) med undervisning, leik og song, ei påskegudsteneste i «heimkyrkja», og så ei helg på **Alværa 8.-10. april**.

Vi har leigd inn Helle L. Kartveit frå Misjonsselskapet (NMS-U) til å ha dei tre første samlingane, saman med Peter Jobbagy. På Alværaleiren blir vi saman med born frå Solund, Hyllestad og Høyanger. Toril Lange og Bjørn Magne Hansen er sentrale som leiarar. Det kan vere at påmeldinga til leiren blir stor, så her gjeld det å «vere første mann til mølla». Dei som melder seg på først, og deltar på alle samlingane, blir prioriterte for leiren. - Så hiv deg på, dette blir moro! Påmeldingsinfo står i brevet du får.

**Barnas Misjonsdag** er i år på Byrknes bedehus, på Kristi Himmelfartsdag 5. mai. Det er Helle L. Kartveit som blir med frå NMS. Kanskje

det blir «Misjons-tivoli»? Samlinga tek til kl. 15.00. 1.-4.- klassingar blir spesielt inviterte, men dette er for «storfamilien». Vi håpar folk frå heile kommunen reiser til Byrknes denne dagen!

## **Årsmeldingar for sokneråda**

NB! Årsmeldingane er i skrivande stund ikkje vedtekne, men er framlegg til sokneråda og skal godkjennast på soknemøte seinare i vår. Alle tre årsmeldingane er skrivne av Trude Brosvik.

## **Årsmelding for Gulen sokn**

### **Soknerådet**

Det har vore eit spanande arbeidsår i Gulen sokn, med soknerådsvale, nye medarbeidarar og store saker som fordeling av presteressursane i Nordhordland, og høyring på «Veivalg for framtidig kirkeordning». I framkant av siste saka, deltok soknerådsleiaren på felles høyringsmøte i Førde.

Soknerådet har hatt 7 møte, 6 før valet og eitt etterpå. I tillegg har det vore 3 fellesmøte mellom sokneråda. Det eine var om planlegging og avvikling av valet, og så eit kurs for nye sokneråd. Det har vore eitt soknemøte.

Det nye soknerådet er slik samansett: Irene Mongstad (leiar), Maike Norman Bøe (nestleiar), Jan Henrik Leknes, Målfrid Undertun, Iddi Glenjen og Signe Baarøy. Varamedlemer: Nina Kolås Rutledal, Kjellfrid Berge,

Kåre Tveit, Vibecke Austgulen og Gunnar Nesse. Frå prestane er Jens Linde medlem, og Bjørn Magne Hansen varamedlem.

Ved valet var det 899 med stemmerett i soknet. 27,25 % stemte.

Det nye soknerådet vil takke dei som gjekk av, for godt utført arbeid.

### **Endringar i arbeidsstaben**

Fram til oktober var Odd Sverre Hove vikarprest i Gulen sokn. 11.10 var det innsettingsgudsteneste for Jens Linde, som då hadde vore borte frå kommunen i 3 år og 8 månader. Han er no sokneprest i Gulen sokn og alle tre sokna i Masfjorden. Han bur i prestebustaden i Eivindvik.

Andrid Baarøy, som har vore fast tilsett som kyrkjjetenar sidan 1991, slutta i stillinga. Som ny kyrkjjetenar er tilsett Astrid Øie Tveit.

Aage Sandal held (heldigvis) fram som klokkar, og Peter T. Jobbagy med å gje oss mektig orgelmusikk. Soknerådet seier takk til dei som går ut av aktiv teneste, og velkomne til dei som tek over!

### **Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

Det har til saman vore 27 gudstenester i soknet, der 21 av dei var forordna. Frammøtet er i snitt 72 personar. Det er ein nedgang på over 10 % frå 2014, noko som delvis skuldast ei stor gudsteneste i samband med Grunnlovsjubileet. Nokre av gudstenestene som ikkje har vore forordna, har vore dåpsgudstenester lagt til laurdag, gudsteneste på sjukeheimen og skulegudsteneste (på Dalsøyra skule).

Det har vore to utegudstenester; 1. pinsedag på Tusenårsstaden Gulatinget («Fyr og flamme») og Pilgrimsvandring, der vi gjekk frå kyrkjeporten langs prestegardsmuren og enda opp i Krossteigen. Det har vore éi utmelding. 17 born er blitt døypte, og 16 ungdomar konfirmerte. Det har vore to vigslar og éi forbønshandling for inngått ekteskap. Og det har vore 10 gravferder.

16 av gudstenestene har hatt nattverd. I snitt er det godt 20 som går til nattverd kvar gong. Det er større nattverdbesøk dei gongane ein har nattverd med intinksjon (dvs. at ein ikkje kneler ved altarringen).

50-års konfirmantane var samla og deltok i ei gudsteneste. Det er konfirmantane sjølve som bestemmer om dei vil ha ei samling, og kallar inn til ho. Kyrkjekontoret kan hjelpe med namneliste og å finne ein høveleg dag.

### **Trusopplæring**

Alle som døyper borna, får samtale med prest før dåpen, der dei m.a. også blir orientert om kva som er soknet sitt tilbod om opplæring slik det er vedteke i Trusopplæringsplanen.

Dåpsborna får eit dåpslys, og ved to-års dåpsdag får alle ein CD med barnesongar. 4.-og 5. åringane blir spesielt inviterte til Hausttakkefest, ei familiegudsteneste der det også er utdeling av 4-års bok. 6-åringane får eit års abonnement på «Barnas», som er søndagsskulen sitt blad.

6-10 åringane blir invitert til «Barnas Misjonsdag» som er felles for alle

sokna, og eit samarbeid med Det Norske Misjonsselskap. I år var han arrangert i Brekke.

8-9 åringane vart spesielt inviterte til Pinsegudstenesta «I Fyr og Flamme» som var på Gulatinget. Og 10-11-åringane hadde «Lys Vaken», der dei m.a. overnatta i kyrkja.



*Frå «Lys vaken» i Gulen kyrkje 12.-13. desember 2015*

Konfirmantane skal ha 60 timar undervisning. Dei tre sokna har mykje av undervisninga i lag, konsentrert om laurdagar, ein overnattingstur til St. Jakobs kyrkje i Bergen, og ei helg på Alværa. Ingrid Nyhus, ungdomsprest i Bjørgvin har ei 10 % stilling i konfirmantarbeidet. Ut over dette er det undervisning frå lokal prest knytt til 4 gudstenester. Nytt av i haust er også

eit samarbeid om diakonal teneste i samarbeid med Frivilligsentralen på 4 timar per semester.

Soknerådet har vedteke at dei vil prøve å få fleire born til å reise på leir, men utover å informere om leirane med oppslag og i Kyrkjelydsbladet, har ein ikkje vore aktive på det.

### **Diakoni, kyrkjemusikk og evangelisering/misjon**

Soknerådet legg til rette for at konfirmantane gjennomfører Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp.

Det er også offer på alle gudstenester. Kr. 29.104,00 er gitt vidare til andre organisasjonar.

Gulen sokneråd har avtale med Det Norske Misjonsselskap om støtte til eit Bibelomsettingsprosjekt i Mali. Etter kvar gudsteneste er det kyrkje-kaffi bak i kyrkja. Kyrkjeverten (går på omgang i soknerådet), lagar kaffi, te og saft og set fram kjeks. Dette er ei hyggeleg og sosial stund for mange. I 2015 var det éin salmekveld og 6 konsertar. 5 av konsertane var arrangerte av andre, særleg i samarbeid med prosjektleiar for Tusenårsstaden Gulatinget; Espen Selvik. Særleg stort var det å ha ein konsert med den kjende fiolinisten Arve Tellefsen. Men også Einar Steen-Nøkleberg på klaver og Alexander Zagorinsky på cello.

### **Frivillige medarbeidarar**

Soknet har mange frivillige medarbeidarar. Særleg soknerådet stiller opp på mykje, som td. å vere kyrkjevertar og å hjelpe til på trusopplæringstiltak. Kyrkjelydsbladet blir delt ut av fri-

villige. Og kyrkja blir pynta av ein frivillig medarbeidar.

I tillegg er det mange som stiller opp når dei blir spurt, enten det er som vikar for kyrkjetenar eller til andre ting. Også ved soknerådsvalet var det mange frivillige som deltok.

Soknerådet har ikkje hatt samlingar for frivillige medarbeidarar i år.

Det har vore gitt tilbod om gjennomgang av brannverninstruks for kyrkja, til soknerådet og andre frivillige i samband med ei gudsteneste.

### **Kyrkjebygg og gravplassar**

Dette står det meir om i fellelrådet si årsmelding (kjem i neste nr.)

Men soknerådet er svært glade for at kyrkja vart måla i år!

Vidare er to felt på gravplassen ordna for nye gravleggingar. Det er i samband med det laga grusvegar langs nokre av felta.

### **Økonomi**

I 2015 vart det samla inn kr 53.303,00 på offer i kyrkja. Kr. 24.199,00 av det gjekk til eige arbeid i soknet.

Gulen sokneråd har nokre faste gjevarar som til saman gjev kr.16.800 i året. (2015: 14.200,00)

Dette er ei ordning som soknerådet ønskjer å få fleire med på. Ordninga gjev skattefrådrag for dei som deltek. Dei største utgiftspostane er vanleg drift som innkjøp av materiell, kyrkje-kaffi, blomar, kurs og aktivitetar.

Utgifter til vedlikehald og utstyr til kyrkja er det fellelrådet som syter for. Soknet kan nytte eigne midlar, dersom tiltaka deira ikkje blir prioritert av fellelrådet.

# Årsmelding for Mjømna sokn

## Sokneråd og tilsette

Det har vore soknerådssval i 2015. Det er 360 røysteføre i Mjømna sokn, og valdeltakinga var heile 36,94 %.

Nytt sokneråd for Mjømna er: Bente Haugen (leiar), Anne E. Ytreøy (nestleiar), Marte A. Birknes, Kjell Kversøy, Kristin Mjanger og Inger Alise Einebærholm. Varamedlemer: Arve Mjømnen, Mina Andreassen, Sølvi-Ann Oddekaly, Sissel Unneland og Ann-Helen Birknes. Bjørn Magne Hansen er geistleg representant, og vara for han er Jens Linde.

Det har vore 7 møte i soknerådet. 5 i det gamle og 2 i det nye. Det har vore to fellesmøte mellom sokna i kommunen; eitt der det var orientering om planlegging og gjennomføring av valet, samt uttale om presteressursane i Nordhordland prosti. Og eitt kurs for nyvalde sokneråd. Det har også vore eit soknemøte/årsmøte.

Mjømna sokn har lenge vore utan fast tilsett kyrkjetenar. Arbeidet har vore delt mellom Solgul blomst AS (reinhald/tilsyn), Grete Lid (klokkar og kyrkjetenar ved gudstenester) og Andrid Baaøy (kyrkjetenar ved gravferder og vigslar). Samstundes som stillinga som kyrkjetenar i Gulen vart lyst ut, vart det opna for eiga stilling for Mjømna. Kyrkjeleg fellestråd tilsette Kristin Mjanger.

Soknerådet takkar alle som har vore med og fått kyrkjetenartenesta til å fungere, og helsar Kristin velkomen.

Odd Sverre Hove var prest fram til september, og 13. september vart Bjørn Magne Hansen ønskt velkomen som sokneprest i Mjømna sokn. Han er i tillegg sokneprest i Solund. Grete Lid held fram som klokkar, og Peter T. Jobbagy er organist.



*Frå gudstenesta 13. september 2015.*

## Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det har vore 19 gudstenester i 2015, der 16 av dei har vore på søn- og helgedagar. 3 av gudstenestene har vore på Byrknes kapell. Ei av dei var skulegudsteneste. I snitt er det 51 personar på kvar gudsteneste, men det er relativt store variasjonar. Likevel er det ein stor auke frå 2014, då snittet var 34,5. Det har vore 9 gudstenester med nattverd, med eit snitt på 14,7 nattverdsgjester.

Det er registrert ei innmelding og ei utmelding, i tillegg har nokre born som har stått som «tilhøring» (dvs at mor eller far er medlem), blitt tatt ut av medlemsregisteret etter ønskje frå foreldra. 3 born er døypte, og 9 ungdommar konfirmerte. Det har vore 4 vigslar og 10 gravferder.

## **Barne- og ungdomsarbeid**

Det har vore skulegudsteneste i samband med jula. Og 1.-4. klasse har vore på besøk i kyrkja. Borna i Mjømna sokn, i aktuell aldersgruppe, har vore inviterte til fellestiltaka: «I fyr og flamme» (8-9 år) og Barnas Misjonsdag (6-10 år). Soknet sjølv har hatt dåpssamtale med foreldre, dåp og lys til dåpsbarnet, Hausttakkefest (5 år) og utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4-åringane. Alle 6-åringane får eit års-abbonement av «Barnas», søndags-skulen sitt blad. 10-12 åringane vart inviterte til «Lys Vaken» med m.a. overnatting i kyrkja, og same alders-gruppa var med og pynta juletreet i kyrkja. Elles er det godt samarbeid med eksisterande barnarbeid som Yngres (ca 15 deltakarar), Barneforening og Onsdagsklubben (ca 26 deltakarar til saman). Konfirmantundervisinga er saman med dei andre sokna i kommunen, og med ein prest frå St. Jakobs kyrkje i Bergen (10 %). Undervisinga er stort sett på laurdagar og knytt til gudstenestene, med lokal prest. I tillegg har det vore ein konfirmantleir på Alværa, og i haust har det vore ein overnattingstur til St. Jakob i Bergen. Nytt av året er eit samarbeid om diakonalt arbeid mellom konfirmantane og Frivilligsentralen, 4 t for semesteret. Soknerådet er glade for at det har vore godt samarbeid mellom Gulen kommune sin lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget, og kyrkja, slik at ho har fått vere med som leiar m.a. på leir og på «Lys Vaken».

## **Diakoni, kyrkjemusikk og misjon**

Det har vore fem andaktar på Bu- og omsorgssenteret. Som eit diakonalt tiltak tilbyr soknerådet skyss til kyrkja, arrangerer dugnad på kyrkje og gravplass, og er saman med konfirmantane om å få til Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Det var også ei samling der pensjonistlaget frå Solund kom på besøk og soknerådet laga til ei felles samling på bedehuset. På helgemesse var kyrkja i Mjømna open for dei som ville kome og ha ei stille stund for å minnast og for å besøke gravene. Det har vore ein salmekveld, ein kon-sert med organisten i Solund, og ein julekonsert i Mjømna kyrkje. Soknet har avtale med Det Norske Misjonsselskap om eit bibelomsettingsprosjekt i Mali.

Det er offer på alle gudstenester. Kr. 19.157,00 er samla inn til ulike organisasjonar.

## **Frivillige medarbeidarar**

Mange gjer ein innsats for at det kyrkjelege arbeidet skal halde seg. Nokre har ei framtrekande rolle, andre meir i det stille. Soknerådet ønskjer å takke alle som bidrar. Ein måte å gjere det på, er at vi arrangerer Haustfest og inviterer alle til den.

## **Kyrkje og kyrkjegard**

Det har ikkje vore større arbeid på kyrkja eller gravplassen i år. Sjøppelspanna er flytta vekk frå kyrkjeveggen og ned til vegen. Det har vore utbetra øydelagde lys opp langs vegen til kyrkja, medan lyset på kaia framleis ikkje er blitt reparert. Soknerådet har arbeidd for å få

prioritert utviding av parkeringsplassen. Og det er kome opp at ein truleg må ta eit større utbetringsarbeid på gravplassen. Dette er saker som ligg til fellesrådet å arbeide med. Det same gjeld varme i kyrkja, og at på kalde dagar så er det ikkje kapasitet til å få ho varm nok.

### **Økonomi**

Soknerådet har ikkje store inntekter, og drifta blir deretter. Alt av vedlikehald vert dekkja av fellesrådet, med mindre soknerådet ønskjer å få gjort meir enn det som fellesrådet prioriterer. Soknerådet har ikkje hatt ekstra innsamling/bede om gåver i 2015, men har planar om å få til flaumllys på kyrkja. Det vil krevje innsamling. Det er inga fast gjevarteneste i Mjømna sokn. Det kom inn kr. 9.754,00 i offer til eige arbeid i 2015.

## **Årsmelding for Brekke sokn**

### **Sokneråd, val og medarbeidarar**

Brekke sokneråd har hatt 7 møte (5 i det gamle og 2 i det nye soknerådet) og har handsama 32 saker. Det eine møtet var eit E-post møte. Det har vore to fellesmøte mellom sokna i Gulen; eitt om planlegging for valet samt uttale om presteressursane i Nordhordland prosti, og eitt med opplæring av nye sokneråd. Begge møta var haldne i Brekke sokn (Bedehuset og Bålen).

Soknerådsvalet var 14.09, og i Brekke var det ei valdeltaking på 29,21 %. Det var 428 røysteføre. Det nye

soknerådet er slik samansett: Cathrine Waage Tveit (leiar), Bjarne Tynning (nestleiar), Kristin Kjelby, Sissel A. Kvame, Turid Strømsnes og Magnus Oppedal. Varamedlemer: Johnny Langvatn, Bodil Vågseth, Anne Gunn Ynnesdal, Jan Even Østerbø og Else Karin Vedå. Audun Systad er representant for prestane, og Bjørn Magne Hansen er varamedlem.



*Søndag 30.08.15 tok Brekke kyrkjelyd imot Audun Systad som sin faste sokneprest.*

Fram til august var Bjørn Magne Hansen sokneprest i Brekke. Då vart det gjort endringar som følgje av presteressurs-saka, og Audun Systad, sokneprest i Hyllestad, vart også sokneprest i Brekke sokn. Hyllestad og Brekke høyrer til ulike prosti, så tenesta krev god planlegging. Randi Trædal er kyrkjjetenar og Peter T. Jobbagency organist. Klokkartenesta i Brekke vert gjort på omgang mellom fem frivillige. For dette får Brekke sokneråd lønsmidlane som vert sparte.

### **Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

Det var 21 gudstenester i 2015, der to av dei var utanom søn- og helgedag.

I snitt var det 60,1 deltakarar på kvar gudsteneste. Det var fire dåp og seks konfirmantar, og det var seks gravferder.

Ved to av gudstenestene er det god tradisjon for samarbeid med andre organisasjonar: Konfirmantfesten som ein har saman med Brekke kristelege ungdomslag i bedehuset, og Adventsverkstaden i Risnehall, der ein samarbeider med bygdekvinnelaget.

Soknerådet er svært glade for dette samarbeidet!

Ved 13 av gudstenestene var det nattverd, og i snitt var det 23,2 nattverdsdeltakarar. Soknerådet har vedteke at når det er gudstenester med dåp/familiegudstenester, så skal det vere nattverd med intinksjon (dvs at ein ikkje kneler ved altarringen, men får oblaten i handa og dypper den i vinen). Det er klart fleire som nyttar nattverden når ein gir dette tilbodet. Fire gudstenester var familiegudstenester, og det var skulegudsteneste i desember. Det var også ei katolsk gudsteneste (Vesper).

### **Barne- og ungdomsarbeid**

I Brekke er det søndagsskule; «Sprell levande», og opptil 30 born deltek, ulikt for kvar gong. Det var 10 betalende medlemmer i 2015.

Det har vore gudsteneste for barnehage og skule, og presten har besøkt tre skuleklassar.

Soknet delte ut 4-års bok, og hadde ei samling for 4-åringane laurdagen før. 5-åringane var inviterte til Hausttakkefest, som var same dagen.

Barnas Misjonsdag, som er fellestiltak

for alle sokna i Gulen, vart i år arrangert på Brekke Bedehus i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS). I bedehuset blir det også drive «tysdagskafe», som har kring 17 deltakarar.



Soknerådet har som strategi at born og unge skal nytte leirtilbodet på Alværa, og reklamerer for det.

Presten har samtale med alle dåpsfamiliar, og dåpsborna får eit dåpslys. Adventsverkstaden er eit trusopplæringstiltak, der alle born vert inviterte. Konfirmantane deltek som medhjelparar.

Konfirmasjonsundervisinga er felles for alle sokna, og har stort sett vore på laurdagar + ei helg på Alværa. I haust var det i tillegg ein overnattingstur til St. Jakob i Bergen, der konfirmantlæraren arbeider til dagleg. Dei har også undervising knytt til lokale gudstenester, og har diakonioppdrag i samarbeid med Frivilligsentralen. Avslutningsgudstenesta etter konfirmantleiren på Alværa er lagt til Brekke.

### **Diakoni, kyrkjemusikk og misjon**

Soknet har hatt 6 andaktar på Brekke bu- og omsorgssenter. Ein organiserer også Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp saman med konfirmantane.

I desember gir ein blomehelsing til familien til dei som har mista ein av

sine i løpet av året. Helgemesse vart markert ved gudstenesta søndagen etter, og pårørende vart spesielt inviterte. Det er fast med kyrkjekaffi bak i kyrkja på kvar gudsteneste, til-laga av kyrkjeverten. Å vere kyrkje-vert går på omgang mellom medlema-ne i soknerådet. Soknerådet har ved-teke å nytte fair-trade og svanemerka produkt.

Det har vore ein salmekveld og ein konsert. Orgelet i kyrkja har nokre manglar, og vart reparert rett før jul. Soknerådet synest det er fint å bruke piano til deler av musikken. Soknet har misjonæravtale med NMS om bibelomsetjing i Mali.

Det er samla inn kr. 35.112,00 til andre organisasjonar ved offer i 2015.

### **Frivillige medarbeidarar**

Klokkartenesta i Brekke vert gjort av frivillige, og løna fellesrådet sparer, vert gitt til soknerådet sitt arbeid. Det same har vore tilfellet når det har vore nytta vikarar for organist og kyrkje-tenar.

Kyrkjelydsbladet vert delt ut på dugnad, og svært mange deltek i anna frivillig arbeid. Det er vanskeleg å talfeste, men i statistikken har vi rekna det til 50 frivillige. Det har ikkje vore fest for frivillige i 2015, men det har vore kurs for tekstlesarar /klokkarar v/Ingrid H. Haveland. Det har også vore gjennomgang med nytt sokneråd /frivillige og tilsette om brannvern i kyrkja.

### **Kyrkje og gravplassar**

Avfallsordninga som vart etablert i

2014, ser ut til å fungere tilfredsstil-lande.

Soknerådet søkte Marine Harvest fondet om midlar til benkar på Oppe-dal og Brekke gravplassar. Vi fekk kr. 30.000,00, og det er kjøpt inn 6 benkar.

Soknerådet har hatt dugnad; rydda og vaska HC- toalettet og gravarkontoret, og måla bårerommet. Det er også planlagt eit oppussingsarbeid på toa-letta inne i kyrkja.

### **Økonomi**

Soknerådet fekk kr. 10.713,00 i offer til eige arbeid, og kr. 14.000,00 for klokkartenesta. Dei største utgiftene er tilstellingar og trusopplæring. Avsette midlar til opprusting av toa-letta (bruk av fond) vart ikkje nytta, og er budsjettert på nytt for 2016. Sprell Levande får driftstilskot gjennom Søndagsskulen, og fører derfor eige rekneskap (prosjekt 106).

*Trude Brosvik*



## **Gravplassane**

Etter vinteren, og stormen «Tor» m.m., er det ein del som «flyt» på gravstadane. Nokre plassar er rett og slett støttene velta. Elles er det stort sett lys og lykter som har blåst bort og

ligg på andre plassar enn dei var tenkt. Når du tar ein tur på gravstaden, så hjelp oss å rydde. Sjekk om det manglar noko på grava du steller. Og lys som ligg og « flyt», ta dei med til bosspannet. Om det er fine lykter, så set dei bort til bårehuset, så kanskje nokon finn igjen si lykt.

Kyrkja har ikkje eigne folk til denne typen vedlikehald, så her må vi alle gjere ein innsats! Sokneråda vil arrangere dugnad til våren, men godt om det blir rydda før.

Når det gjeld **gravsteinar**: Dei gravsteinane som har velta, og sokkelen står att, har som regel ikkje vore bolta. Det er eit krav at alle steinar **skal vere bolta**, med to boltar. Det er for å hindre ulukker, og veldig viktig! Det er ikkje godt nok å «lime» saman stein og sokkel med sikafleks og andre lure ting. Viss du ikkje kan bolte sjølv, så gje melding til kyrkjeverja, så formidlar eg det til eit firma som gjer denne typen arbeid.



### **Gravplassen på Mjømna**

Kyrkjeverja startar arbeid med å kunne ta i ny bruk felt C, midt på gravplassen. Det er tett jord (leire) i grunnen, så både masseutskifting og

påfylling er aktuelt. I første omgang har fellesrådet bede Akasia AS i Bergen om hjelp til å lage ein plan og kostnadsrekne tiltaket. Så må kommunen løyve pengar. Men vatn er eit problem på gravplassen, både på felt C og på deler av felt B, nærare porten. Dersom du er ansvarleg for graver på dette feltet, set vi pris på om du tar kontakt. Graver som er festa, vil bli målte inn og sett på plass att etter ferdig arbeid.

*Kyrkjeverja*

## **Konfirmantar 2015/16:**

### **GULEN SOKN:**

Victoria Jelena Andersen  
Elias Brosvik  
Lars Fosse  
Peter Severin Halland  
Benedikte Lihaug  
Martine Vevang Opdal  
Julian Steine  
Jonas Tafur Stølen  
Jardar Tveit  
Celina Baldersheim Westervik  
Bisharra Yusuf

### **BREKKE SOKN:**

Julie Breidvik  
Nikolai Breidvik  
Tord Haugsvær  
Hanna Solheim  
Kaja Takle  
Solveig Takle

### **MJØMNA SOKN:**

Victor Birknes  
Hilde Børnes  
Leni Askvik Hosøy  
Renate Unneland Larsen

## Konfirmasjonane:

24.04.16 i Gulen kyrkje

01.05.16 i Mjømna kyrkje

08.05.16 i Brekke kyrkje

## Hjarteleg takk

til alle som følgde vår kjære bror  
Sigurd Hjartholm til hans siste kvile.

Takk for kransar og blomar.

*Helsing Lovise Frivik og Eldbjørg*

*Hjartholm m. familiar*

## Ein varm takk

for all omtanke, blomsterhelsingar  
og deltaking ved vår mor Anna

Einbærholm sin bortgang.

Takk til dykk alle som har gitt  
minnegave til Ytre Gulen Sanitets-

lag. Ein stor takk til alle dei  
omsorgsfulle personale på Gulen

Sjukeheim, som har gitt mor smil  
og glede i kvardagen.

*Familien*

## Takk

Vi vil få rette ein stor takk til alle som  
har vore med og støtta oss i

forbindelse med Torill Nyheim sin  
sjukdom, og alle som fylgde ho til den

siste kvilestad. Vil og få takke alt  
helsepersonell som har hjulpt oss,

for god omsorg og pleie.

*Helsing Familien*

## Årsmøte/soknemøte

**Brekke:**

**Gulen: 10.04. kl. 15.30**

**Mjømna:**

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte

#### GULEN SOKN:

**10.01.16:** Isak Westervik. For: Purna  
og Bjarthe Westervik.

**10.01.16:** Thomas Midtun Eidnes.  
For: Anette Haveland Midtun og Dag  
Olav Eidnes

**21.02.16:** Vanessa Hosteland Varlid.  
For. Veronica Hosteland og Endre  
Varlid.

**21.02.16:** Kristoffer Rambjørg Have-  
land. For: Malin Rambjørg og Oliver  
Haveland.

**21.02.16:** Noah Rutledal. For. Nina  
Kolås Rutledal og Kjetil Rutledal.

#### MJØMNA SOKN:

**17.01.16:** Matheus Caio Andreassen  
Fonseca. For: Madelen Dahl  
Andreassen Fonseca og Antonio  
Carlos Cardozo Fonseca

### Vigde:

#### MJØMNA SOKN:

**26.12.15:** Mina Catrin Dahl  
Andreassen og Kim Breidvik  
Rambjørg.

### Døde:

#### MJØMNA SOKN:

**05.12.15:** Anna Einebærholm, f 1932

**30.12.15:** Torill Marie Nyheim f 1958

**14.01.16:** Ståle Melsby, f. 1967

#### BREKKE SOKN:

**30.11.15:** Sigurd Trygve Hjartholm,  
f. 1927

**26.01.16:** Hans Kristoffer Ynnesdal,  
f. 1923.

#### GULEN SOKN:

**02.01.16:** Olav Nesse f 1928



## KYRKJEKALENDEREN

NB! Endringer i gudstenestelista kan førekomme. Følg med i lokalavisene, på oppslag og på nettsidene til kyrkja og kommunen.

**06.03.**, Ikkje gudsteneste.

**13.03.**, Maria bodskapsdag:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.  
Offer: Normisjon.

**20.03.**, Palmesøndag:

**Byrknes bedehus kl. 15.30** v/Bjørn  
Magne Hansen. Dåp. Offer: Eige arb.

**24.03.**, Skjærtorsdag:

**Gulen kyrkje kl. 19.30** v/Jens Linde.  
Gudsteneste m kveldsmat. Ikkje offer.

**25.03.**, Langfredag:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Ikkje offer.

**Brekke kyrkje kl. 15.30** v/Geir  
Sørebo. Ikkje offer.

**27.03.**, Påskedag:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**Brekke kyrkje kl. 15.30** v/Audun  
Systad. Dåp. Offer: Kirkens bymisjon.

**03.04.**: Ikkje gudsteneste.

**10.04.**, 3. s. i påsketida:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Geir  
Sørebo. Offer: Søndagsskulen.

**Gulen kyrkje kl. 15.30**: Salme-  
gudsteneste v/Jens Linde. Soknemøte  
etter gudstenesta.

**17.04.**, 4. s. i påsketida:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Audun  
Systad. Offer: Bibelselskapet.

**24.04.**, 5. s. i påsketida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.  
Konfirmasjon. Offer: Eige arbeid.

**01.05.**, 6. s. i påsketida:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen og Ingrid Nyhus.  
Konfirmasjon. Offer: Eige arbeid.

**05.05.**, Helgetorsdag

**Byrknes Bedehus kl.15.00**: Barnas  
misjonsdag v/ungdomsarbeidar i  
NMS, Helle H. Kartveit. Offer: NMS.

**08.05.**, Søndag før pinse:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Geir  
Sørebo. Konfirmasjon. Offer: Eige arb

**15.05.**, Pinsedag:

**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 12.00**  
v/Geir Sørebo. «I fyr og flamme».  
Offer: NMS.

**17.05.**, Grunnlovsdag

**Brekke kyrkje. Sjå oppslag**

**22.05.**, Ikkje gudsteneste.

**29.05.**, 2. s. i treeiningstida:

**Brekke kyrkje** v/Audun Systad.  
Offer: Misjonæradopsjon.

**05.06.**, 3. s. i treeiningstida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.  
Offer: Alværa.

**12.06.**, 4. s. i treeiningstida:

**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Jens  
Linde. Offer: Sjømannsmisjonen.

**19.06.**, 5. s. i treeiningstida:

**Brekke kyrkje** v/Audun Systad.  
Offer: Eige arbeid.